



Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO

Referanser:

Dykkar:
Vår: 15/238 - 15/2001

Saksbehandlar:

Øivind Olsnes
oivind.olsnes@modalen.kommune.no

Dato:

09.09.2015

Høyring om eigedomsbeskattning av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk **Høyringsfrist 18.09.15**

Formannskapet - Sak 054/2015:

Det er gjort slikt vedtak i saka:

Modalen kommune går imot framlegget til endringar av reglane i eigedomsskattelova når det gjeld eigedomsskatt på arbeidsmaskiner med meir i verk og bruk.

Sjølv om det i høyringsnotatet er gjort unntak for kraftproduksjonsanlegg, vil endringane også ramme kommunar med kraftleidningar og kraftanlegg.

Modalen kommune ser på framlegget som eit brot på den samfunnskontrakt som er inngått mellom staten og kommunar som har stilt sine naturressursar til rådvelde for storsamfunnet.

Regelverket rundt eigedomsskatt på verk og bruk har ein lang historie. Førseplegla inntekter av eigedomsskatt frå staten har vore eit viktig incitament for ei lokal positiv haldning til store utbyggingsprosjekt av kraftlinjer og andre anlegg i kommunane. Framlegget til endringar i lova vil påverka dette negativt.

Modalen kommune sluttar seg til dei argumenta som framkjem mot endringane i Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar sin høyringsuttale til saka.

Rett utskrift:

Øivind Olsnes
Rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Andre mottakrarar:
Finansdepartementet